



Time kontrollutval

Årsmelding 2023



Innleiing

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ, som på vegne av kommunestyret skal føra tilsyn med den kommunale forvaltninga, både administrativt og politisk. Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, og har derfor ikkje tilsynsansvar overfor kommunestyret. Kontrollutvalet skal årleg rapportere om aktiviteten og resultatet av sitt arbeid til kommunestyret. I den anledning gir kontrollutvalet ei samla årsmelding for utvalet sitt arbeid.

Årsmeldinga skal gi eit bilde av utvalet si formelle rolle, rekneskap, forholdet til revisjonen og sekretariatet, og dei viktigaste sakene som er behandla gjennom året. Årsmeldinga bør sjåast i samanheng med vedtekne planar.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, og har derfor ikkje tilsynsansvar for kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt arbeid i 2023

Kontrollutvalet hadde 5 møter i 2023 og har behandla i alt 44 saker. I tillegg kjem referatsaker.

Tilsyn med forvaltninga

Som eit ledd i kontrollutvalet sitt tilsyn med forvaltninga pleier kontrollutvalet å invitere administrative leiarar for å orientera kontrollutvalet i aktuelle saker. I 2023 har ingen kommunalsjefar orientert om eiga tenesteområde.

Rekneskap og revisjon

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Revisor rapporterte om resultatet av sitt arbeid samtidig som årsrekneskapen blei framlagt. Kontrollutvalet blei òg orientert om planane til revisor for kommande revisjons år, og mottar årleg lovfesta eigenerklæring om oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit.

Kontrollutvalet har i tråd med regelverket behandla følgjande saker knytt til rekneskapen og budsjettet til kommunen:

- kontrollutvalet gav uttale om årsrekneskapen til Time kommune og årsberetning 2022 til kommunestyret
- forenkla etterlevelseskонтroll (FEK) Time kommune 2022
- orientering om rekneskapen til kommunen pr. 1. tertial 2023



- orientering om rekneskapen til kommunen pr. 2 tertial 2023
- vedtatt budsjett for kontroll og tilsyn 2024

Revisor hadde ingen merknader i revisjonsberetninga, men denne blei ikkje levert i samsvar med frist 15. april. Det var ikkje merknader i årsoppgjersnotatet som kravde særskild oppfølging for kontrollutvalet.

Eigarskapskontroll

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltning av kommunens interesser i selskapet m.m. (eigarskapskontroll). Eigarskapskontroll skal gjennomførast i samsvar med gjeldande plan for eigarskapskontroll vedtatt i kommunestyret og innanfor vedtatt budsjettramme.

Eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Lyse AS vil bli levert 17.juni 2024.

Kontrollutvalet har bestilt eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon av «IVAR IKS» 20.november 2023. Utvalet har behandla «Oppfølging- Rogaland brann og redning IKS» 6.februar 2023, samt oppfølginga av denne 11.september 2023.

Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal vidare sjå til at det årleg blir gjennomført forvaltningsrevisjon i samsvar med vedtatt plan og innanfor vedtatt budsjettramme. Når kontrollutvalet har behandla rapport om forvaltningsrevisjon blir denne send til kommunestyret for sluttbehandling. Kontrollutvalet følger og opp rapportar i tråd med kommunestyret sitt vedtak. Når oppfølginga er gjennomført sender kontrollutvalet melding til kommunestyret om resultat av oppfølginga.

Kontrollutvalet har bestilt følgjande forvaltningsrevisjonar i 2023:

- «Ressurskrevjande tenester». Rapporten blei bestilt 11.september 2023.

Kontrollutvalet har behandla følgjande rapportar i 2023:

- «Miljøeteneste». Rapporten blei behandla 20.juni 2023.

Følgjande rapportar har vore til oppfølging i kontrollutvalet i 2023:

- «Bærekraft ved offentlege kjøp». Rapporten blei levert 13.juni 2022 og følgt opp 6.februar 2023.



Budsjett og rekneskap for kontrollutvalet

Kontrollutvalet har i tråd med forskrift utarbeidd forslag til budsjett for kontroll og tilsyn for 2024. Budsjettforslaget frå kontrollutvalet kan berre endrast av kontrollutvalet sjølv, eller i den politiske behandlinga i formannskapet og kommunestyret. Budsjettet til selskapa som kommunen kjøper tenester frå blir fastset av styret/representantskapet i selskapa.

Kontrollutvalet opptrer på vegne av, og er direkte underordna kommunestyret. Det er derfor av betydning for kommunestyret å vere kjent med kontrollutvalet si vurderinga av det økonomiske behovet for kontroll- og tilsynsarbeid. Budsjettforslaget frå kontrollutvalet blir derfor oversendt kommunen for framlegging i kommunestyret saman med dei samla budsjettforsлага frå kommunen.

Kontrollutvalet har i løpet av året behandla tertialvise rekneskapsrapportar for eige budsjett-område for å følgje opp budsjettansvaret sitt.

Anna

Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret. Som eit ledd i dette har kontrollutvalet utarbeidd ei årsmelding for 2022 og årsplan for 2024. Begge er sende til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet har vedtatt møteplan for 2024.

Kompetanse og opplæring

Det blir stadig stilt større krav og forventningar til kompetansen frå kontrollutvalet, både frå det politiske miljøet og innbyggjarane i kommunen. Kunnskap om rolla frå kontrollutvalet, oppgåver, og lovverk er nødvendig for å utføra dei oppgåvene som kjem fram av lov og forskrift.

Slik opplæring og kursverksemd kan skje lokalt eller gjennom sentrale tilbod. Kontrollutvalet blir invitert årleg til «Landskonferansen for kontrollutval» i regi av Norges kommunerevisor-forbund og «fagkonferansen» i regi av Forum for kontroll og tilsyn.

Dette er viktige samlingar for å tilføra medlemmene i kontrollutvalet ny kunnskap, og det er ein arena der kontrollutvalsmedlemmer frå heile landet møtes og drøftar saker og arbeidsmetodar.

I starten av valperioden blir det gitt opplæring i ulike tema frå sekretariatet, revisjonen og kommuneadministrasjonen.



Organisering

Kontrollutvalets administrasjon

Kontrollutvalet skal ha eigen administrasjon for at utvalet skal vere uavhengig av både revisor og den kommunale administrasjonen. Det er Rogaland Kontrollutvalgssekretariat som tar seg av administrasjonsoppgåvene for kontrollutvalet i kommunen.

Kontrollutvalssekretariatet er støttespelar for kontrollutvalet og er viktig for eit godt og effektivt kontrollarbeid i utvalet. Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som blir behandla av kontrollutvalet er forsvarleg framstilt og at utvalet sitt vedtak blir iverksett. Sekretariatet utfører oppgåver knytt til administrasjon, rådgiving og koordinering for kontrollutvalet. I det kontinuerlege arbeidet er sekretariatet bindeledd mellom kontrollutvalet, revisjonen og kommuneadministrasjonen.

Den som utfører sekretariatsoppgåver for kontrollutvalet, er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinjene og pålegg som utvalet gir.

Revisjonen

Time kommune kjøper revisjonstenestene sine frå Rogaland Revisjon. Revisjonen utfører rekneskapsrevisjon, forenkla etterlevelseskонтroll, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll for kommunen. I tillegg kan revisor gjennomføra andre oppdrag etter avtale. Revisor har møte- og talerett på møta til kontrollutvalet.

Time kommune søkte eigarskap i Rogaland Revisjon IKS frå 1.januar 2023. Før dette var det KPMG som var revisor for Time kommune.

Kontrollutvalets medlemmer

Medlemmer:

Lodve Haugland (leiar)	SP
Heidi Netland Berge (nestleiar)	H
Kjell Høgemark	INP
Rune Aase	FrP
Tone Byberg	V

Varamedlemmer:

Wenche Paulsen	KrF
Magne Auestad	H



Line Haltbrekken	FrP
Trond Bjørnsen	V
Sigrud Lende	Krf
Jone Edland	AP
Janne Linn Tjelta	SV
Ragnhild Stokka Dyngeland	SP
Aina Eileen Erga	INP

Møtesekretær:

Mari Rage Bråstein

Bryne, 19. februar 2024

Lodve Haugland,
leiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur